



Arkoconsult
Postboks 103 HTB-bygget
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3603 - 17/34589

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
07.12.2017

Førebels svar - trong for tilleggskontroll - gbnr 137/188 Alver

Tiltak: carport/garasje
Byggjestad: Gbnr: 137/188 Stølen 32A
Tiltakshavar: Bolig og Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.12.2017.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig.. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Nabovarsel. I søknad går det fram at tiltaket vart nabovarsla i sak vår referanse 16/2081 vedkomande søknad om endring av løyve. I denne søknaden er det opplyst skriftleg at det skal førast opp carport, men det ligg ikkje, slik vi kan sjå det, føre teikningar som syner tiltaket. Vi ber om tilbakemelding dersom dette ikkje stemmer. Ut over det skal tiltaket nabovarslast, med teikningar til samtlige naboar og gjenbuarar.
2. Parkeringsarealet er no eigd av sameiet. Det ligg ikkje føre skriftleg samtykke til søknad i frå styre eller representant i frå sameige. Vi ber om at dette vert ettersendt.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan **11.01.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1a.



Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkoconsult

Postboks 103 HTB- 5291
bygget

VALESTRANDSFOSSEN

Bolig og Eiendom AS

Kvernhusmyrane 5914
29

ISDALSTØ